



Breim

ÅRSMØTE 2023 BREIM BYGDEKVINNELAG

Tid: Torsdag 24. oktober 2023 kl 19.00

Stad: Sandal Grendehus

Sakliste:

1. Opning
2. Godkjenning av innkalling og sakliste
3. Val av ordstyrar
4. Val av skrivar
5. Val av to til å skrive under protokollen
6. Godkjenning av framlagd årsmelding
7. Godkjenning av rekneskap
8. Godkjenning av framlagd arbeidsplan
9. Val
10. Ymse



Referat Årsmøte Breim Bygdekvinnelag 3.november 2022

Stad: Fjellstova Utvikfjellet

Byrkjelo roda hadde ansvar for møtet, og der var 26 stk frammøtte.

Linda B.Eide ønskte velkommen til årsmøtet.

Ho fortalte litt om programmet for kvelden, og overlot deretter ordet til Kristin Sandal.

Kristin fortalte om oppussinga av Fjellstova, som ho har vore primus motor for.

Det må leggast til at Fjellstova har vorte utruleg flott 😊

Skisenteret vart opna på Utvikfjellet i 1966, men gjekk konkurs i 1992.

Då vart det Breimsbygda Skisenter. BBIL eig Fjellstova, og driftar lysløypa.

Kristin fortalte om opphavet til Fjellstova, som vart starta bygd i 1991.

Til oppussinga no, har det gått med mange dugnadstimar, og pengar.

Det vart løyvd 160.000,- frå Sparebankstiftinga og like mykje frå BBIL.

BBIL var og på leiting etter nokon til å drifte Fjellstova i vinter, og elles hjelpe til i kafeen, så om nokon har lyst er det berre å ta kontakt med Kristin.

Kristin fortalte så om Brekkestova, som er det neste prosjektet ho jobbar for. Brekkestova var eigd av BBIL og Utvik ungdomslag. For dei som har vore ut til Brekka og sett Brekkestova, så skjønnar ein at den treng «litt» rehabilitering og arbeidet er allerede i gang. BBIL har sendt søknader om penger til dette prosjektet og. Kalkyla var på 660.000,- og dei har så langt fått tilslag på 500.000,- og meinar dei snart er i boks med finansieringa.

At Fjellstova og snart Brekkestova står fram i ny drakt og finansieringa er på plass, er berre imponerande 😊

Inger Margrete Sørland snakka om kafedialog, som var neste post på programmet.

Her vart det delt ut ark med desse spørsmåla, som vi diskuterte og svara på:

Kva kurs ynskjer du å delta på med Breim Bygdekvinnelag dette året ?

Kva tema ynskjer du å høyre om på medlemsmøta til Breim Bygdekvinnelag dette året?

Kva aktivitetar/arrangement ynskjer du at Breim Bygdekvinnelag skal arrangere dette året ?

Svara her er då eit verktøy som styret har å jobbe med, og som kan vere tema på medlemsmøta.

Årsmøtet:

Berit Sørland vart vald til ordstyrar.

Torhild Merkesdal vart vald til skrivar.

To til å skrive under møteboka:

Linda B.Eide og Kristin Sandal vart vald

Godkjenning av innkalling og sakliste, denne vart godkjent

Godkjenning av framlagd årsmelding: Denne vart opplesen av Berit og vart godkjend

Godkjenning av rekneskapen: Denne vart gjennomgått av Berit, og godkjend.

Godkjenning av arbeidsplan: Denne vart gått gjennom av Berit og godkjend.

Val

I valnemnda sat: Linda B.Eide, Merete Myklebust og Kari Paulen.

Kari leia valet. Det vart ikkje kravd skrifteg val, og ein vart enig om å velge personane etter kvart som ein gjekk gjennom valnemnda sitt forslag.

Leiar skal velgast av årsmøtet kvart år, samt varamedlemene skal velgast kvart år.

Leiar: Kristin Daling Felde (Berit Sørland hadde sagt frå seg attval som leiar)

Einstemmig godkjend

Kari Ann Flølo, kasserar Gudrun Hjelle stod på val, og hadde sagt i frå seg attval.

Torhild Merkesdal, sekretær, ikkje på valg

Reidun Solbakk, styremedlem, Marit Moldestad stod på val, og hadde sagt frå seg attval.

Berit Sørland,styremedlem, ikkje på val.

Styret konstituerer dei ubesatte verva sjølve.

1.vara Turid Bøyum

2.vara Linda B.Eide

Valnemnd

1.Kari Paulen

2.Hilde Kvile

3.Marit Moldestad

Styret får fullmakt frå årsmøtet til å bestemme kven som reiser på Fylkesårsmøte og Organisasjonskurset.

Heggjabygda vil prøve igjen med regionsmøte. Dette vart avlyst i fjar.

Berit takka av dei som gjekk ut av styret, Marit og Gudrun med blomar.

Det var veldig fint å vere på Fjellstova, og vi hadde og vårt tradisjonelle program, med sang, leia av Britt Randi, åresal og god pizza frå bakar Jon. Då påfølgande søndag var allehelgens dag, som er ein viktig for å minnes dei som ikkje er blant oss lenger, hadde Britt Randi opplesing av eit fint dikt. Britt Randi inviterte og dei som hadde høve til det å kome til kyrkja og hjelpe til med kyrkjekaffien denne søndagen.

Linda takka for møtet, og ynskte vel heim.

Fjellstova/Utvikfjellet 03.11.22


Linda Bergheim Eide


Kristin Sandal

Årsmelding frå styret sitt arbeid i 2023

Styret hadde første styremøte 171122 i Reiatunet, og konstituerte seg slik:

Leiar: Kristin Daling Felde

Nestleiar: Berit Ellefspass Sørland

Kasserar: Kari Ann Flølo

Sekretær: Torhild Merkesdal

Styremedlem: Reidun Solbakk

Varamedlem: Turid Bøyum

Varamedlem: Linda Bergheim Eide

Kurskontakter: Linda Bergheim Eide/Reidun Solbakk

Varamedlemmane vert kalla inn til alle styremøta.

Valnemda består av:

1. Kari Paulen
2. Hilde Kvile
3. Marit Moldestad

Øvrebygda hadde ansvaret for adventsmøtet. Dette vart denne gongen holdt på Hageland, kombinert kurs i laging av julekranser og sosialt samvær.

Der vart laga mange flotte kransar.




Sandal/Myklebust hadde ansvar for januarmøtet, som denne gongen vart holdt på Reedtunet på tradisjoneltvis.

12.februar hadde vi kompardag i Breimshallen, og styret hadde ansvaret for organisering av denne, dette var eit vellykka arrangement med mange solgte komparar 😊.



Byrkjelo roda hadde ansvaret for mars-møtet den 8.mars. Dette vart ei fin markering av kvinnedagen med mange deltararar. Bente Egge Søvde fortalte om doktorgradsstudien sin om skrøpelege heimebuande eldre: «Det er best å bu heime- eller? Å leve i grenseland mellom heim og sjukeheim. Magnus Willumsen stod for den musikalske underhaldninga og i tillegg allsong. - Ein triveleg kveld.



Skuggesida/Kandal/Nedrebygda hadde ansvar for april møtet. Sigrun Reed fortalte om hagesenteret på Reebakken og vi fekk servert nydeleg blomkålsuppe og brød.

Styret planla sommarturen som gjekk av stabelen 3.juni.

Turen gjekk til Fjaler, først besøkte vi Klokkargarden der Jakob Sande vokste opp, deretter hadde vi ein kjempelunsj hos Leonards forlovelse, og vi avslutta med eit besøk til Lillingstoneheimen.



Under denne ripsbuska skreiv Jakob Sande «Det lyser i stille grender» seier historia.

Vi besøkte Klokkargarden der Jakob Sande vaks opp, og fekk gå inn i «bessfarhuset» der besteforeldra budde og Jakob tilbrakte mykje tid. Huset såg likeeins ut no som det gjorde då.

Vi var og ein tur bortom grava til Jakob Sande.

Vi hadde med ein guide som fortalte om Jakob Sande sitt liv og levnad.



Vi hadde lunsj hos Leonards Forlovelse som ligg i Hellevik i Fjaler.

Det var mykje å velje mellom på matbordet, så her vart det valgets kvaler.

I tillegg hadde dei og butikkutsalg av nips, planter mm.

Ein veldig fin og koselig plass.



Siste stopp på turen var Lillingstoneheimen.

Landmark familien eigde denne garden først. Nils Landmark var sorenkrivar, og borna - 15 i alt, vart utdanna i dåtidas øverste klasse; ordførar, fut, lege, lærar, mm og skiparar av husmorskule og Norges Bondelag.

Lillingstonefamilen, av britisk overklasse, der faren var prest, overtok i 1880. Dei hadde 11 born, og den yngste dottera var den siste som budde på Lillingstoneheimen til ho døde i 1967. Deretter vart hovedhuset fråskild til Fjaler kommune, og er i dag museum. Vi fekk høyre historia på turen vår, men bygget var ikkje opna for sesongen enno, så vi kom ikkje inn, men fekk vandre rundt ute i hagen.

September var det Øvrebygda sin tur å arrangere møte, og det vart holdt hos Good Mexican med Sør Amerika som tema. Cecilia Lyslo frå Utvik Bygdekvinnelag fortalte om turen som ho deltok på til Guatamala i lag med Norges bygdekvinnelag i februar 2023. Signe Opdal som er leiar i Sogn og Fjordane bygdekvinnelag var også gjest på dette møtet. Overskotet frå åresalet på 1800, kr går til NBK sitt Guatemala-prosjekt.

Andre arrangement/aktivitetar:

Vi var med på Pederhusveka der vi selde betasuppe i Breimshallen under Sommardansen laurdag 17.juni.

Vi var med på 4H sin Fylkesleir, dei vi vart spurd etter dugnadshjelp til frukost/kvelds mm.

Vi hadde kafe på Haustmarknaden på Fjordhestgarden i laurdag 16. september, der vi selde rømmegraut, pølse m/brød, sveler, kaffi og saft.

I tillegg har vi fått spørsmål om å lage mat til diverse privat arrangement. Dette har vi valgt å takke nei til, for sjølv om vi får inntekter har vi ikkje lyst til å gå dei som driv dette som levebrød i næringa. Det betyr likevel at vi er synlege i lokalmiljøet, og det er kjekt å ta med.

Elles har vi jobba utifrå ideane som kom på idekafeen på forrige årsmøte på Utvikfjellet.

Kurs.

Så langt i år har vi ikkje hatt anna kurs enn julekrans laging.

4.november er det planlagt kurs i å lage julepålegg, sylteflesk mm, med Arve Myklebust i Breimshallen. Her er det plass til 8 deltakarar.

Det er og planlagt bakekveld med bollar og natronkaker for medlemmer frå Reodorklubben (barn og unge mellom 6-16 år). Anni, Kristin med fleire vil vere med på dette frå bygdekvinnelaget. Styret har vedtatt at laget betaler for ingrediensane til dette.

Styret har også bevilga kr 1.000,- til ungdomsarrangementet «Rusfri 16.mai» i regi av Gloppen Frivillig Sentral.

Møter/utsendingar:

Det var planlagt organisasjonskurs på Skei 28.januar, men dette vart avlyst pga for lite påmeldingar. Vart sagt at ein skulle prøve igjen til hausten.

Det var planlagt regionmøte på Lote 26.april.i Heggjabygda 16.februar, men ingen av oss hadde anledning til å møte der.

Til årsmøtet i Fylkeslaget på Scandic Sunnfjord i Førde 18. og 19. mars, reiste Kristin Daling Felde. Vi hadde meldt inn ei sak til årsmøtet, med innspel om at mange synest medlemskontingenen på 750,-kr er for høg, når ikkje noko av dette går direkte tilbake til lokallaga. Representant frå NBK orienterte om at Norges bygdekvinnelag er ein sterk organsiasjon og viktig samfunnsaktør. 84% av medlemskontingent går til det sentrale arbeidet og 16% går til distriktslaget. Som medlemmer i NBK får vi medlemsfordeler i bl.a Agrol og vi har mulighet til å nytte psykokogisk og juridisk hjelpetelefon:

<https://bygdekvinnelaget.no/medlemsfordeler>

Styret vil takke alle medlemane for deira innsats i dette arbeidsåret, med dugnadsinnsats, kakebaking og deltaking på medlemsmøta 😊

Vi er 48 medlemmer i Breim bygdekvinnelag, og vi har fått 1 ny medlem i 2023. Følg med på aktiviteten vår på:

<https://bygdekvinnelaget.no/lokallag/breim-bygdekvinnelag> eller søk opp Breim bygdekvinnelag på Facebook

Regnskap 2023 Breim Bygdekvinnelag

	Inntekter	Utgifter
Inntekter møter/arrangemang	64 218,72	
Utgifter møter /arrangemang		26 217,97
Annonse		5 910,00
Fylkesårsmøte		1 630,00
Godtgjersle		4 000,00
Blåtur		3 473,39
Småkjøp		
Støtte		1 000,00
Blomsterhelsingar		345,00
Leige Sanitetshuset		4 000,00
Renter	306,00	
Gebyr		157,00
Sum	64 524,72	46 733,36
Resultat 2023		17 791,36

	15.10.2022	Resultat 2023	09.10.2023
Bank konto 3710.68.10118	63 102,64		91 871,77
Bank konto 3705.12.77547	54 768,00		30 890,23
Kasse	0,00		3 470,00
	117 870,64	17 791,36	126 232,00

ÅRSPLAN BREIMBYGDEKVINNELAG 2023/2024

TID	ARRANGEMENT	ANSVARLEG RODE
DESEMBER	ADVENTSMØTE	BYRKJELO
JANUAR	JANUARMØTE BYRKJELOTUNET	SKUGGESIDA
FEBRUAR	MEDLEMSMØTE	ØVREBYGDA
MARS	KVINNEDAGEN 8.MARS	STYRET
APRIL	MEDLEMSMØTE	SANDAL/MYKLEBUST
MAI		
JUNI	DAGSTUR/SOMMARAVSLUTNING	STYRET
JULI		
AUGUST		
SEPTEMBER	MEDLEMSMØTE	BYRKJELO
OKTOBER	ÅRSMØTE	SKUGGESIDA

RODER	GRENDAKONTAKTER
ØVREBYGDA	ANNI FELDE
SKUGGESIDA/KANDAL	GRETHER SAUR/ODDLAUG KANDAL
NEDREBYGDA	LIV TONE AABREKK
SANDAL/MYKLEBUST	KARIN V. MYKLEBUST/AUD A. BERGHEIM
BYRKJELO	BRITT RANDI HEGGHEIM/LINDA B. EIDE